



Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU

Til medlemene

INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2024

torsdag 25. april kl. 19.00-21.00

på Lambertseter gard, Langbølgen 2C, rom Bråtan

Saker:

- 1) Godkjenning av innkalling og saklista
- 2) Val av ordstyrar, møteskrivar og underskrivarar av møteboka
- 3) Årsmelding 2023–2024
- 4) Rekneskap 2023
- 5) Innkomne framlegg (frist for innsending: 11. april)
- 6) Arbeidsplan 2024–2025
- 7) Budsjett 2024
- 8) Val (leiar, minst fire styremedlemer, to varamedlemer, revisor og valnemnd)
- 9) Underskriving av møteboka

Føre det formelle årsmøtet er det politisk innlegg om hovudsaker for Nei til EU ved generalsekretæren i organisasjonen vår, Kjell Sjøli Arnestad, som tidlegare var fylkessekretær for Oslo.

Lett servering mellom det politiske innlegget og årsmøtesakene.

Har du spørsmål om årsmøtet? Kontakt Håvard Tangen tlf. 934 24 325 eller e-post: haav.tangen@gmail.com .

Beste helsing

Styret i Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU

Årsmelding for Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU 2023–2024

Styret: Eva Heir (leiar, døydde 21.1.2024), Trine Dønhaug (nestl.), Arnfinn Schjalm (kasserar), styremedlemer Per Øivind Nielsen, Morten Steensen, Kerstin Huddberg, Knut Egill Thesen og varamedlemer Kristin Mulleng Sezer og Kristen Turtum.

Revisor: Bjørn Heiberg

Valnemnd: Håvard Tangen, Ingebjørg Gram og Odd M. Trondsen

Styremøte i perioden: 25. mai, 22. juni, 17. august, 28. september 2023 og 7. mars 2024.

Aktivitet

Årsmøtet 19. april 2023 hadde god oppslutning. Tidl. Nei til EU-leiar Heming Olausen kåserte om Europa i endring.

Sumarsamling 8. juni med mange ungdomsinnlegg om EU ved nestleiar Erlend Kvittum Nytrøen i Nei til EU og Sigrid Onsgaard Sagabråten og Kim René Hamre frå Ungdom mot EU. Det var diktframføring ved Vilde Dalen Andresen frå Oslo Nei til EU. Den drivande krafta og konferansieren var Eva Heir. På menyen stod gryterett, pizza og frukt. Det vart spørsmål og ordskifte, og alle kosa seg med mat og prat rundt borda.

Samling for lokallag og kontaktpersonar i Oslo vart halden 1. november på P-hotellet i sentrum. Arnfinn Schjalm møtte for laget vårt. Det var politiske innlegg ved Idar Helle (DeFacto) og Kim René Hamre (Ungdom mot EU). Arnfinn var òg til stades på landbrukspolitisk EU-seminar.

Julemarknaden gjekk føre seg 9. desember i Nordahl Bruns gate 22. Mange i lokallaget vårt er aktive i dette arbeidet, og fleire av medlemene våre kom og handla. Marknaden er eit økonomisk og sosialt tiltak som har vore arrangert i alle år sidan 1995 (i koronaåret 2020 var det e-marknad). Det kom inn i underkant av 70 000 kr. Marknaden i 2024 vert den 30. i rekkja.

Det har òg vore postkasseaksjonar, utdelingar og stand framfor kommunevalet.

Politisk oppsummering

I ei krigersk og vond samtid (med Ukraina, Gaza og andre væpna konflikhtar) er det lett at EU-spørsmålet kjem i skuggen av andre saker. Acer-dommen i Høgsterett vart diverre eit nederlag for Nei til EU. Frå no av må ein kjempa for saka med politiske middel. Det er enno ikkje avklart korleis regjeringa vil sjå på EUs fjerde energipakke, men det er viktig at Nei til EU er på hogget, legg fram kritiske synsmåtar og prøver å påverka. Nokre parti og politikarar på ja-sida freistar å blåsa opp til omkamp om EU-saka, men til no har dei ikkje lukkast med dette. Det er urovekkjande at det er overvekt av ja-sympati mellom dei yngste. Her må me ikkje kvila på laurbæra, men hjelpa fram Ungdom mot EU og visa fram gode nei-argument. I folket samla sett er det enno nei-fleirtal, og dette er gledeleg. Aukande misnøye med EØS-avtala, ikkje minst i fagrørsla, er oppmuntrande og kan lenger fram føra til revidering av EØS-regelverket, kanskje på sikt endåtil oppseiing av EØS og forhandling om ny frihandelsavtale med EU i staden.

Minneord om Eva Heir

Leiaren i lokallaget, Eva Heir, døydde 21. januar 2024 etter å ha vore sjuk ein periode. Ho var ei eldsjel og ei berande kraft i lokallaget i ei årrekkje. Nestleiar og leiar i fleire år og vert for mange styremøte var ho, og ho tok på seg alle slags oppgåver, store som småe. I tillegg var ho aktiv i fylkeslaget. Med mykje pågangsmot, engasjement og godt humør var Eva svært viktig for laget vårt. Me saknar henne og har gode og lyse minne om samværet med henne i lang tid.

Arbeidsplan 2024–2025

Nordstrand og Søndre Nordstrand Nei til EU vil vera med på sentrale kampanjar og aksjonar og hjelpe til økonomisk med aktivitetar i Nei til EU. Lokalt vil laget på denne måten gjera sitt til å realisera Nei til EUs mål og arbeidsplan.

Laget ynskjer å invitera til ei ny sumarsamling på Lambertseter i juni. Her søkjer me samarbeid med ungdommen, fylkeslaget og dei andre lokale kontaktane i Oslo.

Ha utdelingsaksjonar med aktuelle brosjyrar og aviser.

Verva nye medlemmer og purra på medlemspengar i samarbeid med andre i Oslo Nei til EU.

Hjelpe til med julemarknaden.

Slutta opp om annan aktivitet som fylkeslaget går inn for.

Ordna det historiske arkivet for lokallaget og overføra dette til Statsarkivet.